



Frekhaug Pizzeria v/Ali Dondurma

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/2200 - 19/25058

Saksbehandlar:  
Merete Rosslund Fløysand  
merete.floysand@meland.kommune.no

Dato:  
04.12.2019

## Søknad om serveringsløyve - Frekhaug Pizzeria

Vedlagt følgjer vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Merete Rosslund Fløysand  
førstesekretær

Andre mottakarar:

Frekhaug Pizzeria v/Ali Dondurma

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Merete Rossland Fløysand	FA-U60	19/2200

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
82/2019	Formannskapet	PS	27.11.2019

## Søknad om serveringsløyve - Frekhaug Pizzeria

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Vi har den 15.11.2019 motteke søknad frå Frekhaug Pizzeria Ali Dondurma, Organisasjonsnr. 823 359 802, ved eigar Ali Dondurma om serveringsløyve.

Frekhaug Pizzeria søker serveringsløyve i lokale i Havnevegen 3, 5918 Frekhaug.

Lokalet er ca. 97 kvm stort og har vil ha 25 sitteplassar.

Frekhaug Pizzeria har leigd lokal hjå Vestenfjeldske Eiendom AS.

Frekhaug Pizzeria vil tilby sal av mat som pizza, hamburgere , salat, grillmat mm.

Det er oppgitt i søknaden at ein vil ha opent kvar dag frå kl. 12:00 til kl. 23.00.

Opningstida kan bli redusert i vinterhalvåret.

Eigar av serveringsstaden er Ali Dondurma f. 08.09.1987 og dagleg leiar av serveringsstaden er Didem Øztas f. 14.01.1997.

Dagleg leiar har den 22.10.2019 bestått etablerarprøven i samsvar med serveringslova § 5.

#### Vurdering

Det ligg føre uttale frå Politi, Skatteetat og Skatteoppkrevjar som ikkje har merknader.

#### Konklusjon

Krava til Serveringslova §§ 4 til 6 er oppfylt.

#### Framlegg til vedtak:

Serveringsløyve vert innvilga etter Serveringslova § 3 slik:

- Løyvehavar: Frekhaug Pizzeria Ali Dondurma, Organisasjonsnr 823 359 802
- Eigar: 100% Ali Dondurma f. 08.09.1987

- Dagleg leiar: Didem Øztas f. 14.01.1997
- Serveringsstadens størrelse: 97 kvm
- Tal sitteplassar: 25
- Opningstid: kl. 12.00 – kl. 23.00, heile året
- Godkjenning frå Mattilsynet må liggje føre

Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen, dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår som er sett jfr. Serveringslova §14.

### **Formannskapet - 82/2019**

#### **FS - behandling:**

#### **FS - vedtak:**

Serveringsløyve vert innvilga etter Serveringslova § 3 slik:

- Løyvehavar: Frekhaug Pizzeria Ali Dondurma, Organisasjonsnr 823 359 802
- Eigar: 100% Ali Dondurma f. 08.09.1987
- Dagleg leiar: Didem Øztas f. 14.01.1997
- Serveringsstadens størrelse: 97 kvm
- Tal sitteplassar: 25
- Opningstid: kl. 12.00 – kl. 23.00, heile året
- Godkjenning frå Mattilsynet må liggje føre

Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen, dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår som er sett jfr. Serveringslova §14.